



- Ein draum på tre dagar, sa Ginta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette har vore ein draum som har vara i tre dagar, sa kunstnarleg leiar for det latviske koret Atskana då dei hadde sunge den siste strofa i under konserten i Aktivitetshuset søndag kveld og uskedalen.no bad om ein konklusjon.

- I draumen har eg med både den fantastiske naturen og det trivelege vertskapet, la Ginta Petersone til og oppmoda vertskapet Røysterett for alle om å koma attende til Riga. For dette er ein kontakt som bør byggjast vidare ut.



Song med ein fantastisk bakteppe på Friheim! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Både vertskapet og dei som har høyrte Atskana i Kvinnherad fått ein songleg injeksjon som har gjort sterkt inntrykk og som dei seint vil gløyma. Eigentleg har det vore eit privilegium å få eit så storfint besøk og gjestene fortente langt fleire tilhøyrarar enn dei 100 betalande som sat i amfiet.



Klar for finale med begge kora i Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men denne tredje dagen under korvitjinga starta med ein avslappande tur i det grøne. Første stopp var Friheim der latviarane fekk smaka på familien Miljeteig sine produkt og kvitterte med song mot eit naturbakteppe som saknar sidestykke. Så rusla kora saman innover mot Fjellandsbø og hadde ei triveleg matøkt saman i det grøne.

Det var ein fin opptakt til ein konsert som ikkje uventa vart ein ny demonstrasjon av eit utruleg allsidig gjestekor og der vertskapet slett ikkje vart 'sunge til veggs'.

Maria Malmsten er eit kreativt oppkomme og denne gongen opna ho med eit artig tablå der ei hulder som i det sivile liv heiter Agnes Tyldum og er trønder måtte gje frå seg att koret som ho hadde røva. Agnes dansa også til fleire songar og imponerte stort. Men ho fekk konkurranse av den dyktige, 11 år gamle dottera til Maria, Tiril Eirunn Einarsdotter på fele og seinare i programmet med rockering medan ho spela reel.



I det grønne nedunder Fjellandsbø. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Det burde ha vore fleire enn 100 betalande i amfiet! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Programmet til Røysterett for alle var ellers godt kjend av dei som har høyrte koret nokre gongar, men det blir stadig meir finslipt. Etter bruremarsjen frå Østerdalen og 'Bånsull' kom den vakre 'Barnet' frå Færøyane som leiar Svein Rimestad har sett nynorsk tekst til. 'Den dag kjem aldri' er alltid ein sikker vinnar og skotske 'Kvannsanketid' der Rimestad er både oversetjar og solist er snart ein av kjenningmelodiane til koret. 'Man borde inte sova' og vandringsvisa til Odd Nordstoga leia opp til to Beatles-melodiar som ein aldri blir lei og som koret har eit spesielt tak på.



Agnes Tyldum og Kjell Sigbjørn Røssland svingar seg. (Foto: Hans Ordin Østebø)

Ikkje uventa var programmet til gjestane eit folketone-utval som til fulle eksponerar kva for ein toneskatt dei baltiske landa har å plukka frå. Størst inntrykk gjorde den songsyklusen som dei også presenterte på Husnes og som var kombinert med koreografi. Og då dei to nasjonalsongane vart sunge fekk nokon kvar ein klump i halsen. Av Ola Matti Mathisen



Tirill (11) imponerte igjen. (Foto: Hans Ordin Østebø)